

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2016

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn

Planlagde utreisesamtaler –kvalitetssikring av informasjonsutveksling

Prosjektnummer

HV1205

Prosjekteigar (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)
Helse-Bergen, Avdeling for Kreftbehandling og medisinsk fysikk v/Faggruppa for sjukepleietenesta

Prosjektleder

 (kontaktperson)

Janita Svindseth, kreftsykepleier/fagutviklingspsykepleier.

janita.svindseth@helse-bergen.no

Kort om bakgrunnen for prosjektet. Kva er det ein ønskjer å forbetre?

Brukarundersøkingar viser at «samhandling» og «førebuing til tida etter utskriving» er viktige forbettringsområder.

På kreftavdelinga har det ikkje vore rutine for planlagde utreisesamtaler mellom pasient / pårørende og sjukepleiar. Informasjon som blir gitt kan dermed bli tilfeldig, og i verste fall mangelfull.

Å kvalitetssikre informasjon er eit viktig pasienttryggleikstiltak. Alle pasientar har rett på å få informasjon om tilbod og ressursar dei kan nytte seg av. Tida etter eit sjukehusopphald kan opplevast usikkert om ein ikkje er førebudd på kva ein kan forvente.

Det å vite kor ein kan søke støtte kan hjelpe pasient og pårørende til å mestre tilværelsen på ein betre måte.

Hovudmål:

1. Kvalitetssikre informasjon til pasient og pårørende før utreise.
2. Pasienten skal ha kjennskap til aktuelle rehabiliteringstilbod og ressursane i primærhelsetenesta.
3. Det etablerast kontakt med aktuelle tilbod før utreise.
4. Sjukepleietenesta blir betre rusta til å møte nye nasjonale føringar for betre samarbeid mellom dei ulike nivå i helsetenesta.

Nytteverdi:

1. Pasientane opplever auka grad av mestring og livskvalitet i tida etter utskriving frå sjukehus.
2. Betre mestring av evt. seineffektar av behandling.
3. Betre samarbeid med primærhelsetenesta.
4. Auka kunnskap om dei ulike rehabiliteringstilbod og tilbod innan palliasjon.
5. Den enkelte sjukepleiar kjenner seg trygg på kva ein utreisesamtale bør innehalde.
6. Redusere behov for rekontakt til sjukehuset frå pasient og pårørende.

Korleis skal forbetringa gjennomførast?

Det skal utarbeidast ein rutine for utreisesamtale mellom sjukepleiar og kreftpasient/pårørande. Denne skal gjelde både inneliggande og polikliniske pasientar. Det skal også utarbeidast et kommunikasjonsverktøy (innhald i samtalen) for god og gjensidig informasjon før utreise. Dette skal testast ut i praksis og evaluerast før det implementerast som ein del av avdelinga sine rutiner.

Kva skal målast for å følgje om tiltaka ein set i verk blir følgde og har effekt (prosess og resultatmål)?

Proessen evaluerast gjennom spørjeskjema til personalet før og etter innføring av rutinen. Vi vil også sjå på antal gjennomførte samtaler etter innføring. I tillegg vil vi innhente tilbakemeldingar frå samarbeidspartar, eks. frå kommune på auka bruk av enkelte tenester som kreftkoordinator og ressursjukepleiar.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Det planleggast at rutinen implementerast etter å ha vært utprøvd i mindre skala.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Rutinen for å sikre informasjon ved utreise vil vere nyttig for andre avdelingar uavhengig av kva diagnose pasientane har.

Verktøyet/innhaldet i samtalen vil også ha stor overføringsverdi til andre kreftavdelingar eller avdelingar med tilsvarande pasientgrupper.

Oppstarttidspunkt August - 2016

Sluttidspunkt Desember - 2017